

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l.) *

Sigrid B. Fatnes - mamma til fem

2. Del 1: BARNS BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vekting?

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Vektinga tar for det meste hensyn til harde fakta som arealbruk, universell utforming og scoring på nasjonale prøver. Kort veg til skulen, der ein kan ta følge med søsken er med på å skapa gode barndomsminner og lærer eldre søsken å ta ansvar. Nærleik mellom barnehage og skule slik Rustå barnehage og Austarheim skule har det i dag har vore ei god trygging i overgang barnehage/skule. Kort veg til å besøke skulen, turar i same nærmiljø og leik i skulegarden. Det er opplevelingar som å ropa på storesøsken/andre større venner over gjerdet frå barnehagen til skulen i friminutta som er unike for Sauda. Verdiar som nærmiljø, skuleveg og høve til samspel med søsken (at skulane ikkje er større enn at søsken har kontakt i skulekvarldagen) kunne en gjerne ha vekta høgare.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilet av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Det er mest sannsynleg gjort ein feil framstilling ved beskrivelse av ledig kapasitet på Austarheim skule – det kan umogleg være plass til 100 elever fleir enn det som går der i dag? Det er jo utfordringar med klasserom og arbeidsplasser til lærarane allereie. Om det er feil i Norconsult sin rapport (og ein har utelatt nødvendig areal som gymsal og skulekjøkken) er det naudsynt å se på konsekvenser og kostnader på nytt. Kostnader til påbygg på Austarheim skule kan blir dyrare om påbygget må være større enn Norconsult gir uttrykk for.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Framtidsbiletet er ambisiøst og flott! Det er store mål, men er det realistisk? Ein er veldig avhengig av vilje til investering i barnehage og skule – rett og slett barn og unge generelt. Både investering i bygg, men òg investering med midler i budsjett og dermed ressursar til drift. Til grunn for ein god oppvekst ligg varme og trygge vaksne - og nok av dei.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analsen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Det er vanskeleg å forstå kva som er dagens og kva som er framtidas oppvekst? Kva er underlaget og bakgrunn for vurderingane? Kva er eigentleg barns beste? Det er vanskelig å forstå vedlegget i saka. Det er få faktiske vurderinger til korleis barnehage og skule er i dag og kva tiltak som må med for å betre oppvekstforholda. I GAP-analysen som er vedlagt er det presentert tal som skal vise differansen mellom no og framtida – kva representerer dei tala? Det kan umogleg vera ein differanse mellom no og fremtida på 4 poeng på en skala frå 1 til 5. Det er gjennomgåande for GAP-analysen. Merkeleg.

For å forstå GAP-analysen og bruke den betre til vurdering av tiltak bør det leggas fram ei forklaring og underlag for analysen.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein communal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

Det er flott å satse på gode barnehager med nære og gode relasjoner. Sauda treng stabilisering av folketallet og det å legge til rette for rekruttering av barnefamilier er et nødvendig tiltak. For meg personleg var det ein god grunn for å flytte til Sauda med mann og to små barn at borna skulle få gå i ein mindre barnehage enn i Bergen og deretter over i ein trygg skule med god vaksentettleik i klassane. Eg visste at ungane mine skulle bli sett og få utvikla seg betre i Sauda enn på ein storskule i Bergen.

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Norconsult gir råd om ein stor skule, men dei skriv òg at det er viktig å greie ut vidare før ein konkluderer. Dersom ein skal ta rapporten på alvor bør ein òg ta dette med seg.
Det er viktig å sjå på flest moglege sider av saka og ein må sjå på den totale drifta av Sauda kommune. Eit godt forprosjekt bør vera neste skritt. Det vil òg trygga og samla befolkninga at ein har gjort eit grundig vurdering før ein tek skritten mot korleis Sauda skal vera i framtida. Storskule kan vera eit val og vurdering ein tek, men det er for tidleg å konkludere før ein har betre oversikt over driftsmodell, etterbruk av bygg, skuleveg osb., samt oversikt over fordeler og ulemper det fører med seg å gjera store strukturelle endringar.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Forslaget om mellomsteg og todeling av barneskulen bryt totalt med heile mandatet til framtidas oppvekst. Det er kvalitet og kompetanse som bør stå i fokus. Det bekymrer meg som mamma at ein føreslår eit usikkert mellomsteg som gir barna mange skulebytter inn i ei uviss framtid. Det vil ikkje trygga barna, forslaget seier ikkje noko om auka ressursar til skulen og at ein får ein betre skule. Det har diverre ikkje vore ein del av diskusjonen underveis i prosessen denne våren, noko som er særskilt bekymringsfullt. Kvifor eit slikt akutt tiltak? Borna fortener ein trygg og roleg oppvekst, og det er dårlig rekryteringsstrategi for Sauda - kven vil busette seg ein stad der alle skulane står i fare for å bli nedlagt? Eg håpar ein kan skynta seg sakte slik at ein driv skulen med dagens struktur og dei ressursane som må til fram til ein har fått på plass eit forprosjekt for framtidas skule.

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Oppvekst – barnehage og skule er ein viktig faktor når småbarnsforeldre vel å flytta til Sauda. For meg var det å bu nært skule og barnehage viktig for meg i val av Sauda som plass å veksa opp for ungane mine.

Ein kort skuleveg er mykje meir trafikksikkert og det sikrar ungane frisk luft og aktivitet. Aktivitet er viktig for konsentrasjonsevna.

Med kort veg lever ein totalt som familie eit enklare liv – då kan ungane ta seg til og frå skule sjølv. Det er jo Sauda sitt fortrinn at ein har mykje fritid og slepp storbyjaget med køyring til og frå barnehage/skule. Eg hadde ALDRI fått fem barn om ikkje barna mine i så stor grad kunne trygt komma seg til og frå skulen sjølv – det hadde ikkje gått opp med mykje køyring til og frå barnehage/skule saman med middagslagning og fritidsaktivitetar og ein fulltidsjobb.

Skular og barnehagar med god kapasitet av vaksne som kan ta med ungane på tur for leik og læring har vore bra i Sauda. Austarheim skule har vore bevisst på små førsteklassar for å sikre ein fin start i skulelivet og mykje fokus på knekka lesekoden for alle første året.

Det er viktig at me er sikre på kva me vil, kva som er fordelane og kva som er ulempene med store skulestrukturendringar.

Kva er det som gjør at me får tilflyttarar i god arbeidsfør alder (ofte med små barn) til Sauda?

Det viktigaste av alt – me må satse på barn og unge for dei er framtida. Det er ikkje på dei ein skal spara!